
Saksnr: 2020/61222-12
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Fylkesdirektøren orienterer om anonym varsling for elever mv. i vgs.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen om rutinar for anonym varsling ved vidaregåande skular førebels til orientering.
2. Kontrollutvalet ber fylkesdirektøren komme med skriftleg informasjon om rutinar for anonym varsling når dei nye vurderingane er gjennomført.
3. Frist for levering av tilbakemelding til sekretariatet vert å sette til

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si fjerde oppfølging av svar frå fylkesrådmannen når det gjeld spørsmåla frå utvalet om varslingsrutinar for elever.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådjever

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Svar til kontrollutvalet - notat om rutinar og system for varsling

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med handsaming av RS 55/21 i møte 22.09.2021 gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:

«Fylkeskommunedirektøren vert bedt om å kome i neste møte i kontrollutvalet for å orientere om kva som er vurdert av tekniske løysingar, slik at det er anledning for anonym varsling.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Vi har motteke notat dagsett 12.10.2021 frå fylkesdirektøren som gjer greie for dagens rutinar for varsling, både ved namn på varslar og ved anonym varsling. Det går m.a. fram at fylkesdirektøren skal arbeide vidare med spørsmålet om anonym varsling og at han kjem attende til kontrollutvalet når desse vurderingane er gjort .

I tillegg er det avtalt at fylkesdirektøren kjem i dette møtet for å orientere munnleg om saka.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko nytt i den munnlege orienteringa vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen om anonym varsling ved vidaregåande skular førebels til orientering. Vidare vert det tilrådd at utvalet ber fylkesdirektøren komme med skriftleg informasjon om rutinar for anonym varsling når dei nye vurderingane er gjennomført. Det vert også tilrådd at utvalet utfordrar fylkesdirektøren på å komme med ein dato for slik tilbakemelding.